

Møte med Vanylven kommune 22. august 2017 om vidaregåande skule

Tema: Vidaregåande skule - valmoglegheiter for ungdom i Vanylven på tvers av fylkesgrensa Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane

Møtet var del av eit ordinært formannskapsmøte i Vanylven, der Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune var invitert inn til å diskutere saka om korleis ein kan gje ungdom i Vanylven i eit best mogleg vidaregåande skuletilbod. Særskilt tema var grenseproblematikken mot Sogn og Fjordane. Dei vidaregåande skulane i Måløy og Eid ligg i "dagpendleavstand" for mange ungdommar i Vanylven, men inntaksreglane gjer at desse skulane i liten grad blir brukt av ungdom i Vanylven i dag.

Møre og Romsdal fylkeskommune stilte med leiar i Hovudutval Opplæring Bjarne Elde og seksjonleiar i Utdanningsavdelinga Geir Løkhaug. Sogn og Fjordane fylkeskommune stilte med nestleiar i Hovudutval Opplæring Alfred Bjørlo.

Seksjonsleiar i Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, Geir Løkhaug, innleidde. Han orienterte om den nye skulebruksplanen for Møre og Romsdal som no er ute på høyring med høyringsfrist 7. september.

Vanylven har ei avdeling av Herøy vidaregåande skule lokalisert i kommunen. Avdelinga har pr i dag 42 elevar, fordelt på 1 klasse VG1 Helse og oppvekst (15 elevar), 1 klasse VG1 Studiespesialisering (11 elevar), 1 klasse VG1 TIP (12 elevar) og 4 elevar på VG2 Helsearbeidarfag.

Løkhaug orienterte om at elevkulla i Vanylven til no har vore ca 40 pr år, men er fallande og vil ligge på ca 30 i åra framover med nokså store variasjonar (heilt ned mot 20-25 einsskilde år). Fylkeskommunen vil i følge Løkhaug ut frå dette, samt venta rekrutteringssituasjon med lærarkrefter, ha veksande utfordringar med å kunne gje ei forsvarleg undervisning ved Herøy vgs avd Vanylven. Fylkeskommunen vil ta ei ny vurdering av framtida til avdelinga når ein ser søkartala 1.3.18.

Ordførar i Vanylven, Lena Landsverk Sande, sa at Vanylven kommune sitt utgangspunkt er at ein ynskjer å halde oppe og utvikle skuleavdelinga i Vanylven, men at ein samtidig er opptekne av at ungdom som veks opp i kommunen skal ha eit best mogleg samla skuletilbod. Forsking syner at dess lenger ungdom blir buande heime og har ei tilknytning til heimstaden, dess større sjanse er det for at ein vel å bli buande i eller flytte tilbake til heimkommunen i vaksen alder.

Å nytte skulane i Eid og Måløy framfor å pendle "over fjorden" til andre vidaregåande skular i Møre og Romsdal vil for mange unge i Vanylven gi kortare og enklare skuleveg, eit meir variert skuletilbod og gjere det mogleg å bu heime lenger.

Vanylven ser det slik at det i dag er to utfordringar over fylkesgrensa som då må løysast: 1) Manglande rett til skuleplass. 2) Skyssordningar.

Leiar i Utdanningsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, Bjarne Elde, ga uttrykk for at han forsto situasjonen til Vanylven, og ser utfordringa med fylkesgrenser for ungdom i kommunen. Han sa også at dette er ei aktuell problemstilling også andre stader i grenseområda i Møre og Romsdal - både opp mot Oppland og Trøndelag.

Eg orienterte om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin vedtekne Skulebruksplan, og om Hordalandsavtalen som eit døme på at det er mulig å lage særskilte avtaler på tvers av fylkesgrenser som set eleven i sentrum. Eg sa vidare at frå Sogn og Fjordane si side ser vi positivt på initiativet frå Vanylven, og ønskjer at det blir sett på modellar for å gjere det lettare

for ungdom i Vanylven å nytte skular på tvers av fylkesgrensa. Eg sa at dette i neste omgang også kan bli ei problemstilling som også vil gjelde elevar i Hornindal når dei frå 1.1.2020 blir del av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Bjarne Elde varsla at han vil be administrasjonen fremje ei sak om dette temaet til neste møte i Utdanningsutvalet i Møre og Romsdal, for å få belyst problemstillinga og kva moglege løysingar som kan finnast.

Eg sa at frå Sogn og Fjordane si side vil vi avvente den saka som han varslar i Møre og Romsdal, men at vi er opptekne av godt samarbeid for å finne løysingar som set elevane i sentrum og gir fleksibilitet over fylkesgrensa.

Alfred Bjørlo, 22. august 2017